



Bremanger
kommune

Reglement for forvaltning av finansielle plasseringar, gjeld og konsesjonskraft i Bremanger kommune

(«FINANSREGLEMENT»)

Godkjend av Bremanger kommunestyre dato 12.09.2024, sak 054/24



Innhald

1.	Finansreglementet sitt verkeområde	3
2	Heimel og gyldigheit.....	4
3	Forvaltning og forvaltningstypar	5
4	Generelle rammer og avgrensingar	6
5	Midlar som skal forvaltast med lav risiko og høg likviditet.....	7
6	Forvaltning av kommunen sine midlar med lang tidshorisont.....	9
7	Forvaltning av kommunen sin gjeldsportefølje og finansieringsavtalar	10
8	Rapportering	12
9	Forvaltning av kommunen si konsesjonskraft.....	13
10	Kvalitetssikring og avvik.....	16

1. Finansreglementet sitt verkeområde

1.1. Hensikta med finansreglementet

Ved fastsetting av finansreglementet legg Bremanger kommune vekt på omsynet til ei forsvarleg økonomiforvaltning og kravet til å kunne dekke sine laupande betalingsplikter.

Finansreglementet inneheld reglar som hindrar kommunen frå å ta vesentleg finansiell risiko i finans- og gjeldsforvaltninga, m.a. reglar for å avgrense kommunen sin refinansieringsrisiko ved opptak av lån. Ved forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål skal det leggjast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet.

Vidar gjev Finansreglementet rammer og retningsliner for kommunen si «finans- og gjeldsforvaltning», heretter omtala som finansforvaltning. Finansreglementet er ei samla oversikt over dei rammer og avgrensingar som gjeld, og underliggande rutinar skal heimlast i Finansreglementet.

Finansreglementet definerer dei avkastnings- og risikonivå som er akseptable for plassering og forvaltning av likvide midlar og midlar til driftsføremål, opptak av lån, forvaltning av gjeldsportefølje samt forvaltning av kommunen sin tildelte konsesjonskraft.

1.2 Ethiske kriterier for forvaltninga

Bremanger kommune har som mål å bidra til berekraftig utvikling ved å investere dei finansielle midlane på ein ansvarleg og etisk forsvarleg måte. Dette innebærer at kommunen direkte eller via eksterne forvaltere skal søke å unngå investeringar i aksjer, rentebærende instrumenter eller andre finansielle instrumenter utstedt av selskaper med virksomhet som medvirker til krenkelse av menneskerettigheter, arbeidstakerrettigheter, korrupsjon, miljøskader eller andre uetiske handlinger.

Forvaltningen skal være basert på anerkjente etiske normer og internasjonale konvensjoner som FN's prinsipper for ansvarlige investeringar (UnPRI) og de etiske retningslinjene som til enhver tid gjelder for Statens Pensjonsfond Utland (SPU). Dersom kommunen blir gjort oppmerksom på det hos en forvalter er plasseringar i selskaper med en uakseptabel etisk profil, skal dette tas opp til diskusjon med forvalteren med sikte på at nevnte plasseringar gjort av forvalteren opphører, eller at kommunen trekker seg ut av det aktuelle produkt hos forvalteren.

1.3 Kven Finansreglementet gjeld for

Finansreglementet gjeld for Bremanger kommune. Finansreglementet gjelder og for verksemd i kommunale føretak etter kommunelova kapittel femte del, Økonomi og sjettem del Interkommunalt samarbeid.

Kommunen sine aksjar og ansvarlege lån i selskap der eigarskapen har ein næringspolitisk eller samfunnsmessig grunngeving (investeringar av ikkje-finansiell karakter) vert ikkje omfatta av reglane i dette reglementet.

Finansreglementet regulerer heller ikkje forvaltninga av kommunen sine pensjonsmidlar.

2 Heimel og gyldigheit

2.1 Heimel

Dette Finansreglementet er utarbeidd med bakgrunn i:

- Lov om kommuner og fylkeskommuner av 22. juni 2018, §§ 14-1, 14-2, 14-13 og 25-1.
- Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommune av 18. november 2019.

2.2 Gyldigheit

Finansreglementet trer i kraft frå og med kommunestyret sitt vedtak.

Finansreglementet skal reviderast ved behov for å unngå vesentleg finansiell risiko og overhalde kommunen sine betalingsplikter.

Dette Finansreglementet med tilhøyrande rutinar erstattar alle tidlegare reglar og instruksar som kommunestyret eller anna politisk organ har vedteke for Bremanger kommune si finansforvaltning. Finansreglementet har ikkje tilbakeverkande kraft. Det vil seie at avtaler som allereie er inngått mellom leverandørar og kommunen skal laupe fram til forfall.

3 Forvaltning og forvaltningstypar

I samsvar med reglane i forskrifta om kommunar og fylkeskommunar si finansforvaltning, skal Finansreglementet omfatte forvaltninga av alle kommunen sine finansielle plasseringar (aktiva) og rentebærande gjeld (passiva). I tillegg omhandlar reglementet forvaltning av konsesjonskraft. Gjennom dette Finansreglementet er det vedteke målsettingar, strategiar og rammer for:

- Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål.

Midlar som skal forvaltast med låg risiko og høg likviditet

Midlar som skal forvaltast med lang tidshorisont

- Forvaltning av kommunen sin gjeldsportefølje og andre finansieringsavtalar.
- Forvaltning av kommunen si tildelte konsesjonskraft.

4 Generelle rammer og avgrensingar

Kommunestyret skal sjølv gjennom fastsetting av dette finansreglement, ta stilling til kva som er tilfredsstillande avkastning og vesentleg finansielle risiko, jf. kommunelova § 52.

Finansreglementet vert basert på kommunens egen kunnskap om finansielle marknader, finansielle instrument og kraftmarknaden.

Kommunestyret skal ta stilling til prinsipielle spørsmål om finansforvaltninga, m.a. kva som vert rekna som langsiktige finansielle aktiva.

Kommunedirektøren har ei sjølvstendig plikt til å utgreie og leggje fram for kommunestyret saker av prinsipiell karakter.

Kommunedirektøren skal fortlaufande vurdere i kva grad Finansreglementet sine ulike rammer og avgrensingar er eigna, og om desse på ein klar og tydeleg måte sikrar at finansforvaltninga vert utøvd forsvarleg i forhold til dei risikoar kommunen er eksponert for.

Kommunedirektøren har mynde til å inngå og signere avtalar i samsvar med dette.

Det er ikkje høve til å avvike frå Finansreglementet. Ved avdekking av avvik mellom faktisk finansforvaltning og Finansreglementet sine rammer, skal slikt avvik lukkast utan ugrunna opphald. Avviket, og eventuelt økonomisk konsekvens av avviket, dersom det vesentleg, skal utan ugrunna opphald rapporterast til kommunestyret saman med framlegg til rutineendringar som vil redusere risikoen for slikt avvik i framtida.

Kommunedirektøren har, med heimel i dette finansreglement, ansvar for å utarbeide naudsynte fullmakter/instruksar/rutinar for dei einskilde forvaltningsformer som er i samsvar med kommunen sine overordna økonomiføresegner.

Finansielle instrument som ikkje er eksplisitt tillata brukt gjennom dette Finansreglementet, kan ikkje nyttast i kommunen si finansforvaltning.

I forvaltninga skal det så langt som råd er takast etiske omsyn. Kommunen kan i si finansforvaltning ikkje nytte andre finansielle instrument, såkalla avleia instrument, populært omtalt som derivat. Eit unntak gjeld for rentebytteavtalar, når desse vert nytta til sikring, i tråd med reglene i GKRS 11. Bruk av rentebytteavtaler skal være nærare fastsett og kan berre nyttast innanfor risikorammene for underliggende gjeldsportefølje.

4.1 Totale rammer for finansforvaltninga

Rammer for kommunen sin renterisiko for finansielle plasseringar og gjeld skal fastsettast netto. Ved fastsetting av netto renteberande risiko, skal det takast omsyn til renterisiko på kommunen sine midlar for driftsføremål, rentekompensasjonsordningar og renteberande gjeld.

Varigheit (durasjon) på netto finansielle portefølje skal ikkje overstige 5 år.

For forvaltning av kommunen sine midlar til driftsføremål, gjeldsporteføljen og konsesjonskraftporteføljen er det fastsett ytterlegare avgrensingar, jf. kapitla 6, 7 og 8.

5 Midlar som skal forvaltast med lav risiko og høg likviditet

Kommunedirektøren vert gjeve fullmakt til å plassere kommunen sine midlar til driftsføremål (m.a. ledig likviditet) i bankinnskott og pengemarknadsfond. Alle plasseringar skal gjerast i norske kroner (NOK).

Kommunen kan inngå rammeavtale for å ivareta det laupande behov for banktenester. Ved val av hovudbankforbindelse vert det stilt det krav om minimum internasjonal kredittrating BB- eller tilsvarende kredittvurdering. Det kan gjerast avtale om trekkrettigheit.

Kommunen sin driftslikviditet skal som hovudregel plasserast i kommunen sin hovudbank, eventuelt supplert med innskott i andre større spare- eller forretningsbankar. Det vert då stilt krav til at spare eller forretningsbankar har minimum internasjonal kredittrating BB- (eller tilsvarende kredittrating), eller at innskott pr. bank utgjer maksimalt NOK 2 mill.

Ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål, utover det som er naudsynt til dekning av kommunen sine laupande pliktar dei næraste 3 månader, kan plasserast etter følgjande retningslinjer:

5.1 Innskott i bank

For bankinnskott gjeld følgjande avgrensingar:

- a) Tidsbinding kan ikkje avtalast for ein periode på meir enn 6 månader
- b) Et enkelt innskott med tidsbinding kan ikkje utgjere meir enn NOK 50 mill.

5.2 Partar i pengemarknadsfond

For plassering i pengemarknadsfond gjelder følgjande:

- a) Midlar kan berre plasserast i fond forvalta av selskap med dokumentert kompetanse frå verdipapirforvaltning og som inngår som ein del av anerkjent institusjon/finanskonsern.
- b) Det skal berre plasserast i fond med rentesensitivitet kortare enn 12 månader.
- c) Ingen einskildpapir i pengemarknadsfond skal ha lågare kredittrating enn BBB- ("Investment grade") på investeringstidspunktet, eller vurdert av forvaltar til å ha minimum tilsvarende kredittkvalitet.
- d) Porteføljen i aktuelle pengemarknadsfond kan bestå av papir i følgjande sektorar: - Renteberande papir utskrive eller garantert av den norske stat. - Renteberande NOK denominerte papir utskrive eller garantert av OECD/EØS statar. - Obligasjonar med fortrinnsrett (Risikoklasse 2). - Renteberande papir utskrive eller garantert av norske statsføretak (Risikoklasse 1). - Renteberande papir utskrive eller garantert av norske kommunar eller fylkeskommunar (Risikoklasse 2). - Renteberande papir, i form av senior sertifikat – og obligasjonslån, utskrive eller garantert av norske banker eller kredittinstitusjonar (Risikoklasse 3).

- e) Det kan ikkje plasserast midlar i pengemarknadsfond som inneheld industriobligasjonar eller ansvarlege lån (Risikoklasse 4).
- f) Det skal ikkje vere avgrensingar på uttaksretten i fonda som vert nytta, og midlane skal alltid være tilgjengelege på få dagar.
- g) Det kan ikkje plasserast meir enn NOK 50 millionar i eit enkelt pengemarknadsfond. Samla gjennomsnittleg laupetid for kreditten i eit einskild pengemarknadsfond skal ikkje overstige 1,5 år
- h) Kommunen sine samla innskott i bank/kredittinstitusjon skal ikkje overstige 4 % av institusjonen sin forvaltningskapital. Kommunens eigardel i eit pengemarknadsfond skal ikkje overstige 10 % av fondets forvaltningskapital.

5.3 Avkastningsmål

Målsettinga med plasseringa av overskottslikviditet er å oppnå en høgare avkastning enn normal bankrente i hovudbankavtalen, samt over tid ei høgare avkastning enn norske statsobligasjonar (ST1X).

6 Forvaltning av kommunen sine midlar med lang tidshorisont

Investeringar i aksjar og ansvarlege lån av næringspolitisk eller samfunnsmessig motiverte grunngjeving vert ikkje vurdert som finansielle aktiva. Finansielle aktiva er såleis driftslikviditet og overskottslikviditet som skal handsamast etter retningslinjene nemnt ovanfor. Utover dette nyttar ein ikkje andre finansielle instrumenter i kommunen sin finans- og gjeldsforvaltning. Det betyr at kommunen ikkje skal plasserer midlar i aksjar eller aksjefond, obligasjonar eller obligasjonsfond, ansvarlege lån eller eigenkapitalbevis.

Dersom kommunen på eit seinare tidspunkt har til hensikt å etablere forvaltning av finansielle midlar med lang tidshorisont, skal dette finansreglement oppjusterast med naudsynte og rammer og retningslinjer for slik forvaltning.

Eit ev. endra finansreglement skal vedtakast av kommunestyret før oppstart av forvaltninga av finansielle midlar med lang tidshorisont.

7 Forvaltning av kommunen sin gjeldsportefølje og finansieringsavtalar

7.1 Vedtak om opptak av lån

Kommunestyret fattar vedtak om opptak av nye lån i budsjettåret. Slike vedtak skal som minimum opplyse om lånebeløp.

Med utgangspunkt i kommunestyret sitt vedtak har kommunedirektøren fullmakt til å gjennomføre låneopptak, godkjenne lånevilkåra, og elles forvalte kommunale innlån etter dei retningslinjer som går fram av dette Finansreglementet, og i tråd med reglane i Kommuneleva § 14 om låneopptak. Kommunedirektøren si fullmakt inneber også fullmakt til opptak av nye lån til refinansiering av eksisterande gjeld.

Kommunen sine gjeldsbrev skal underteiknast av kommunedirektøren.

7.2 Val av type lån

Det kan berre takast opp lån i norske kroner. Lån kan takst opp som direkte lån i offentlige og private finansinstitusjonar, samt i livselskap. Det er også høve til å legge ut lån i sertifikat- og obligasjonsmarknaden. Lån kan takast opp som opne seriar (rammelån) og utan avdrag (bulletlån).

Finansiering kan også skje gjennom finansiell leasing.

7.3 Tidspunkt for låneopptak

Låneopptaka skal vurderast opp mot likviditetsbehov, vedtatt investeringsbudsjett, forventningar om framtidig renteutvikling og generelle marknadsforhold.

7.4 Konkurrerende tilbod

Låneopptak skal søkjast gjennomført til dei gunstigaste vilkåra i marknaden. Det skal normalt hentast inn minst 2 konkurrerende tilbod frå aktuelle långjevarar.

Det kan gjerast unntak frå denne regelen for situasjonar der kommunen vel å leggje ut sertifikat- eller obligasjonslån gjennom å gi ein tilretteleggjar eit eksklusivt mandat.

Prinsippet kan også fråvikast ved låneopptak i statsbank.

7.5 Rentebindingsperiode og bruk av avleia instrument (derivat)

Styring av gjeldsporteføljen skal skje ved å optimalisere låneopptak og rentebindingsperiode i forhold til oppfatningar om framtidig renteutvikling og innanfor eit akseptabelt risikonivå gitt eit overordna ønske om føreseielegheit og stabilitet i lånekostnader.

Forvaltninga i høve netto renteberande gjeld, jf. pkt. 5.1:

- a) Refinansieringsrisikoen skal reduserast ved å spreie tidspunkt for renteregulering/forfall.
- b) Gjennomsnittleg attverande rentebinding (durasjon – vekta rentebindingstid) på samla renteberande gjeld og eksisterande rentebytteavtalar skal til ein kvar tid vere mellom 1 og 6 år.
- c) Gjeldsporteføljen, inklusive rentebytteavtalar, skal ha en fastrentedel på minimum 20 % og maksimalt 70 % (lån med rentebinding 1 år fram i tid og over).
- d) For å oppnå ønska rentebinding, vert det gjeve høve til å inngå rentebytteavtalar. Det er ikkje høve til å inngå andre typar av avleia instrument (derivat).

Bruk av rentebytteavtalar skal gjennomførast for å sikre rentebindinga på kommunen sin gjeld. Verknaden av nye rentebytteavtalar, skal vurderast saman med eksisterande rentebytteavtalar.

- -Uteståande nominelt beløp skal ikkje overstige laupetida på kommunen si brutto renteberande gjeld. -Sikringsbokføring skal nyttast i tråd med standard for god kommunal regnskapsskikk – GKRS.
- Føremålet med kvar einskild rentebytteavtale skal dokumenterast. - Motpartar ved slik avtalar skal ha ei høg kredittrating, minimum Investment grade.
- Det skal etablerast eit særskild register over rentebytteavtalane.

7.6 Krav til storleik på lån og spreing av låneopptak

Forvaltninga skal leggjast opp slik:

- a) Gjeldsporteføljen skal bestå av færrest muleg lån, likevel slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall vert avgrensa.
- b) Under elles like forhold vil det vere føremålstenleg at kommunen fordelar låneopptaka på fleire långjevarar.
- c) Maksimalt 25 % av eksisterande gjeldsportefølje skal forfalle og refinansierast i laupet av ein periode på 12 månader.

8 Rapportering

Kommunedirektøren skal i samband med tertialrapportering per 30. april og per 31. august, leggje fram rapportar for kommunestyret som syner status for forvaltninga av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål og status for gjeldsforvaltninga.

I tillegg skal kommunedirektøren etter årets utgang legge frem ein rapport for kommunestyret som syner utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

8.1 Finansforvaltninga

For finansforvaltninga skal det rapporterast om følgjande:

- Ei skildring og vurdering av kommunen sin finansielle risiko i tillegg til å skildre korleis aktiva og passiva er samansett.
- Marknadsverdien for aktiva, både samla og for kvar gruppe av aktiva.
- Avkastninga på ledig likviditet for driftsføremål (Likviditetsporteføljen) skal samanliknast med 3 månader norsk statsobligasjonsindeks.
- Verdien for passiva, både samla og for kvar gruppe av passiva. I tillegg skal det opplyst om laupetida for passiva, og verdien av lån som forfell og som må refinansierast innan 12 månader.
- Ei skildring av vesentlege marknadsendringar og endringar i kommunen sin finansielle risiko, og det skal givast ei vurdering av dette. I tillegg skal rapportane innehalde ei skildring av aktuelle marknadsrenter og kommunen sine eigne rentevilkår.
- Eventuelle avvik mellom krava i finansreglementet og den faktiske forvaltninga.

8.2 Gjeldsforvaltninga

For gjeldsforvaltninga skal det rapporterast om følgjande:

- Opptak av nye lån (inkl. avtaler om finansiell leasing) så langt i året.
- Konvertering av eldre lån så langt i året.
- Samansetnad og verdi av gjeldsporteføljen fordelt på dei ulike typar passiva
- Laupetid for passiva og gjennomsnittleg rentebinding
- Eigne rentevilkår samanlikna med marknadsvilkår
- Kommunedirektøren sine kommentarar knytt til endring i risikoeksponering, attverande rentebinding og rentevilkår i forhold til kommunen sin økonomiske situasjon og situasjonen i lånemarknaden, samt føreståande finansierings-/refinansieringsbehov.
- Kommunedirektøren si skildring og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i Finansreglementet.

9 Forvaltning av kommunen si konsesjonskraft

Kommunen si tildelte konsesjonskraftmengde skal forvaltast trygt og sikre kommunen ei god og stabil inntekt. Retningslinene nedanfor trekk opp rammene for korleis forvaltninga skal gjennomførast.

9.1 Konsesjonskraftvolum

Bremanger kommune er samla tildelt om lag 151 GWh konsesjonskraft (10 % av totalproduksjonen). Av dette går om lag 68 GWh til alminneleg forsyning innanfor kommunen sine grenser.

Lowverket seier at primærkommunane disponerer konsesjonskraft til å dekke forbruket til alminneleg forsyning innanfor kommunen sine grenser. Det overskytande vert tildelt fylkeskommunen.

9.2 Forvaltning av konsesjonskrafta

Kommunen kan nytte konsesjonskrafta etter «eget skjønn», jf. [vannfallrettighetsloven § 19 første ledd siste setning](#), jf. og [vassdragsreguleringsloven § 22 første ledd siste setning](#).

Kommunen kan velje å bruke krafta i eigne bygg og anlegg, kommunen kan gje bort eller selje krafta rimeleg til innbyggjarane i kommunen, eller selje krafta i marknaden. På grunn av EØS-avtalen kan kommunen ikkje bruke krafta til å støtte lokalt næringsliv, men kommunen kan selje krafta til bedrifter når dette skjer på marknadsmessige vilkår.

9.3 Sal av konsesjonskrafta - alternativ

9.3.1 Sal av kraft til fastpris

Fastprisavtaler inneberer at kommunen sel heile eller delar av kraftvolumet i en eingongstransaksjon.

Sal av kraft ved fastprisavtaler vert inngått på eitt, to eller tre år om gongen. Ein bør ikkje selje krafta på fastprisavtalar utover eit tidsrom på meir enn tre år da det er stor usikkerheit til framtidige kraftprisar.

Sal av kraft på fastprisavtaler vert gjennomført ved å arrangere tilbodskonkurransar mellom interesserte kjøparar av krafta.

Risikoen ved å selje krafta i ein eingongstransaksjon, er tidspunktet for inngåing av avtale. Dersom prisene stig i forhold til nivået ved inngåing av avtalen, vil kommunen gå glipp av prisstigninga.

Fordelene med å selje krafta på fastprisavtalar er at kommunen får sikre og føreseielege inntekter.

9.3.2 Sal av kraft til spotmarknadspris med påslag

Eit alternativ til fastpriskontrakt er ein avtale om løypande sal av krafta over året til spotmarknadspris med påslag for brukstida. Avtaler om sal til spotmarknadspris kan inngåast på eitt eller fleire år, på same måte som fastpriskontraktane. Krafta blir då seld i marknaden med uttak, time for time. Prisen vert basert på timeprisen på kraftbørsen, Nord Pool Spot, i det prisområdet krafta levert.

Konsesjonskrafta har ein brukstid på 5000 timer. Fordi krafta har en brukstid ned til 5000 timer per år med fleksible uttak for effekten har konsesjonskraft en høgare verdi en grunnkraft (spotmarknadspris).

Fordelen med en slik avtale, er at kommunen til ein kvar tid er sikra sal av krafta til marknadspris. Ulempa er at kommunen vil vere meir utsett for svingingar i marknaden, og kommunen vil ikkje vere sikra inntekter, med mindre det vert avtalt eit prisgolv.

Då kommunen ønskjer mest mogleg føreseielege kraftinntekter, skal ein ved denne type avtalar inngå prissikringsavtale for det tilfellet at spotprisen skulle komme under et visst nivå.

9.3.3 Forvaltingsavtaler

Ei forvaltningsavtale går ut på at ein forvaltar, som anten kan vere ein landsdekkande forvaltar eller eit lokal energiverk, inngår ei avtale med kommunen om å forvalte kommunen sine kraftrettar i marknaden. Ein slik avtale er å sjå som kjøp av ei teneste, som kjem inn under regelverket for offentlege anskaffingar.

I NordPool Spot er risikoen for prisvariasjonar frå år til år stor, og verdien av kommunen sine finansielle sal av kraft vil svinge i takt med slike prisendringar. Prissikring i den finansielle kraftmarknaden vil redusere prissikoen og skal nyttast til å etablere føreseielege prisar for delar av salet av konsesjonskrafta.

9.3.4 Sikringsstrategi og rammer ved forvaltaravtale

Forvaltning av konsesjonskrafta skal sjåast i eit fire års perspektiv (økonomiplanperioden) frå siste årsskifte, med årleg rullering. Dette medfører at det berre kan gjerast prissikringar for inneverande år samt tre år fram i tid. I høve til kommunens ynskje om føreseielege inntekter frå konsesjonskrafta skal kommunen vedta ein sikringsstrategi / forvaltningsmodell med mål om å gi kommunen ei god og stabil inntekt.

Kommunen skal ha høg grad av prissikring for inneverande år, medan dei neste 3 åra kan ha gradvis lågare sikringsgrad. Kraftmarknaden er i stadig endring, og det skal vera ein laupande dialog mellom kommunen og forvaltar om kva for sikringsstrategi som til ei kvar tid passar best for å oppnå målet om ei god og stabil inntekt.

Når kommunen inngår ei forvaltningsavtale skal det utformast eit forvaltningsdokument som skildrar vedtatt sikringsstrategi og forvaltningsmodell(ar) for avtaleperioden.

Vedtatt sikringsstrategi skal vera i samsvar med kraftreglementet.

9.3.5 Samarbeidsavtalar og tidshorisont

Kommunedirektøren har fullmakt til å inngå samarbeidsavtale med kraftforvaltar i tråd med gjeldande kraftreglement innanfor ein tidshorisont på 3 heile kalenderår fram i tid rekna frå dags dato.

Lengda på avtalar utover dette og vesentlege avvik i høve til kraftreglementet, skal handsamast i kommunestyret.

9.4 Fullmakter

Kommunedirektøren har fullmakt til å inngå avtaler i tråd med gjeldande reglar.

Kommunedirektøren skal fylgje opp inngåtte avtaler for handel av kraft. Dette inneber mellom anna:

- Sjå til at sikrings- og risikorammer vert halde
- Operativt ansvar for handel av til ei kvar tid gjeldande kraftmengde
- Forhandle og velje kraftforvaltar til praktisk gjennomføring av forvaltninga
- Ansvar for å ta posisjonar innanfor dei rammer som er regulert i dette kraftreglementet

9.5 Rapportering

Kommunedirektøren skal rapportere utviklinga av kraftforvaltninga i tråd med anna kommunal rekneskapsrapportering, m.a.:

- Verdiutvikling og avvik for siste periode
- Forventa utvikling og ev. avvik for året
- Årsak til ev. avvik
- Kommentar til forventning for året

10 Kvalitetssikring og avvik

10.1 Kvalitetssikring

Forskrift om kommunar og fylkeskommunars finans og gjeldsforvaltning («forskrifta») pålegg kommunestyret å la uavhengig kompetanse vurdere om utkastet til Finansreglementet er i tråd med kommunelova sine reglar og forskrifta.

Vurderinga skal skje før Finansreglementet vert vedteke i kommunestyret.

Kommunedirektøren har ansvar for at slike eksterne vurderingar vert innhenta

10.2 Avvik

Ved avvik mellom faktisk finans- og gjeldsforvaltning og finansreglementet sine rammer, skal ein lukke avvik på en føremålstenleg måte. Avviket slik det framstår, og eventuelt økonomisk konsekvens av avviket dersom dette er vesentleg, skal utan ugrunna opphald rapporterast til kommunestyret saman med forslag til rutineendringar som vil redusere sannsynet for slikt avvik i framtida.